



Englad-familien i katamaranen

Det er ikkje alle som har trong for superfarkostar i millionklassen når dei dreg avgårde på ferie. Familiane Englad og Lappesand frå Aschaffenburg i Bayern klarer seg med ein enkel og spinkel katamaran sjølv om dei er 8 personar. Men det er ein føresetnad at dei har ein god base og det har dei. Den heiter Uskedalen!

Dei ligg i Øyro Marina og køyrde hit frå heimbyen på 2 dagar med farkosten på trailartaket. Med Uskedalen som base siglar dei så rundt i øyriket ved Ånuglo og Tysnes og ein av familane vert skifta ut etter nokre dagar.

Før har dei gjennomført eit liknande ferieopphald i Sognefjorden men i år sto Hardangerfjorden for tur. Men det er eit nærliggjande spørsmål kvifor Uskedalen faktisk vart 'base'. Svaret er enkelt og greitt: - Her har vi ein campingplass, ein marina og ein butikk og meir treng vi ikkje!

Katamaranen eignar seg bra i eit fjordområde som vårt. Den går ikkje lenger enn 1 meter nedi sjøen og risikoen for kullseiling er liten.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

